

Varsel om oppstart av planarbeid – PlanID 2026006948 – Drevika, Skarbøvika gbnr. 123/6 – detaljregulering

I samsvar med plan- og bygningslova § 12-8 blir det varslet oppstart av planarbeid for detaljregulering av industriområde i Drevika, gbnr. 123/6, Ålesund kommune. Bryggen Marina AS er forslagsstiller, og Plot Arkitekter AS er fagkyndig reguleringsarkitekt.

For området gjelder reguleringsplanen «Reg.plan for Drevika, Skarbøvika. Omregulering frå industri til bustad, gnr. 123, bnr. 6».

Føremålet med planarbeidet er å omregulere området frå bustadformål til industriformål og å leggje til rette for vidareføring og formalisering av eksisterande industriverksemd. Eigedomen har tidlegare vore regulert til industri, før omreguleringa frå industri til bustad tok til å gjelde 03.02.2005. I etterkant av omreguleringa har det vist seg vanskeleg å få aktørar til å gjennomføre bustadprosjekt på eigedomen. Bruken av området som industriområde har derfor blitt vidareført gjennom mellombelse dispensasjonar frå reguleringsformålet.

Planarbeidet er vurdert etter forskrift om konsekvensutgreiingar, og er ikkje vurdert å vere omfatta av krav om konsekvensutgreiing.

Planområdet

Planområdet ligg i Drevika, i Skarbøvika på Hessa. Området grensar mot sjø i nord og aust og mot eksisterande bustadområde i sør og vest.

Planområdet er utvida i tråd med tilbakemelding frå Ålesund kommune i oppstartsmøtet. Utvidinga omfattar heile Katnesvegen frå Tuenesvegen og fram til eigedomen, slik at tilkomstvegen, eksisterande gangforbindelsar og eventuelt behov for fortau eller andre trafikksikringstiltak kan vurderast og sikrast gjennom planarbeidet. Dette gir eit betre grunnlag for å avklare trafikk, tilkomst og trygg ferdsel for mjuke trafikantar som del av reguleringsplanen.

Planområdet omfattar éin bygning oppført i 1959 og éin bygning frå 1980-talet, i tillegg til fem naust. I tilknytning til nausta er det også oppført to brakker. Bygningsmassen har opphavleg vore nytta til produksjon av klippfisk.

Per i dag blir bygningsmassen nytta til industriverksemd, og han er i hovudsak teken i bruk av Steel-X AS. Selskapet utviklar, produserer og leverer skreddarsydd prosessanlegg i stål, hovudsakleg retta mot fiskeri- og sjømatindustrien, både på land og om bord i fiskefartøy. Planområdet omfattar også småbåthamn og tilhøyrande kaiområde. I tilknytning til hamneområdet held Defloat AS til, med verksemd knytt til desinfisering av båtar.

Store delar av planområdet består av utfylling i sjø.

Gjeldande plan

Gjeldande reguleringsplanar for området er «Reg.plan for Drevika, Skarbøvika. Omregulering frå industri til bustad, gnr. 123, bnr. 6», plan-id 1504 527, «Vedr. atkomstveg til I 1 samt innpassing av eit naustområde i Drevika», plan-id 1504 346F, og delar av reguleringsplanen «Skarbøvik», plan-id 1504 346. Planen vil erstatte dei to førstnemnde planane i si heilheit og delar av reguleringsplanen «Skarbøvik».

Informasjon og frist for innspel

Dette brevet blir sendt til berørte naboar, relevante offentlege styresmakter og andre interessentar. Oppstart av planarbeidet blir også annonsert i Sunnmørsposten og på heimesidene til Ålesund kommune. Dei som ønskjer det, kan kome med innspel til planarbeidet.

Vi ber om å få kommentarar og innspel innan 18.09.2026 til mathilde@plot-arkitekter.no, eventuelt per post til Plot Arkitekter AS, Notenesgata 1, 6002 Ålesund. Merk sendinga «Detaljregulering for Katnesvegen». Offentlege høyringspartar og andre som ønskjer samrådsmøte, blir oppmoda om å ta kontakt med Plot Arkitekter AS.

Vedlegg: kart med planavgrensing, kart som viser gjeldande reguleringsituasjon med planavgrensing, og referat frå oppstartsmøte.

Vidare saksgang

Etter at fristen for å kome med merknader er ute, vil det bli utarbeidd eit komplett planforslag som blir sendt til Ålesund kommune for saksbehandling. Etter førstegongsbehandling i kommunen blir planen lagd ut til offentlig ettersyn. Det vil då vere høve til å kome med merknader til planforslaget før vidare politisk behandling. Offentleg ettersyn blir kunngjort på nettsidene til kommunen.

Venleg helsing

Mathilde Herdahl

Partner / Master i Arkitektur

Plot Arkitekter AS | plot-arkitekter.no

Notenesgata 1, 6002 Ålesund